

Jarle Viskjer
Tveit 9
5763 Skare
litlos@dnt.no

Statsforvalteren i Oslo og Viken
v/sekretariat Lena Romtveit
lena.romtveit@villrein.no

Tiltaksplan for villreinen på Hardangervidda

Eg er oppvokst i Skare, ei lita fjellbygd sør for Odda, på kanten av Hardangervidda. Hardangervidda Vest vart tidleg leikegrinda for oss unge, lik den har vore for folket her i generasjonar. Tur, jakt og fiske på vidda, har vore sentralt for veldig mange her i bygda, og har dermed ført til at ein vert lokalkjend i fjella.

Eg jobba frå 1995 til 2002 på AS Tyssefaldene/Statkraft som linjemontør, og var mykje til fjells på arbeid i denne tida. Anlegga til Tyssefaldene/Statkraft strekk seg frå Tyssedal i vest, til Vendeavatn i nord, via Tyssevatn/Håvardsvatna i øst, til Breiavatnet/Langavatnet i sør. Dette området er ein stor del av det som vert kalla Hardangervidda Vest, og gjennom desse åra med arbeid der, vart eg ekstra godt kjend rundtom.

Frå 1999 Har eg vore bestyrar ved Litlos turisthytte. Der er eg totalt mellom fire og fem månader i året, vinter, sumar og haust.

Frå 70-talet, då eg byrja å reisa på vidda, og fram til i dag, ser eg store variasjonar i reinens arealbruk på vidda sumarstid, bestemt av stammestorleiken. Frå mykje dyr i vest på slutten av 70-talet og oppetter starten av 80-talet, til igjen minkande fram mot 90-talet. På midten av 90-talet var det atter bra med dyr, fram til starten på 2000-talet. Etter dette, fram til i dag, har Vestvidda vore i lite bruk av reinsdyr. Same mønsteret ser ein heilt tilbake til tidleg på 1900-talet, då det og var ei sær s lita stamme. Vestvidda var nærast tom for dyr, og folk frå vest laut langt ned i Telemark for å jakte. I denne perioden va det heller ikkje turisttrafikk å snakke om, og tursisthyttene i vest var ikkje bygd. Ser

ein på utførte teljingar av bestanden, i tillegg til fellingsresultat i jakta, er dette samanfallande med reinens bruk av Vestvidda. I periodar med stor bestand, er Vestvidda meir brukt enn i periodar der bestanden er liten. Det er ingen samanheng med mykje eller lite folk i fjellet å spora. Mot slutten av 70-talet var reinsstamma stor, og nytta Vestvidda mykje sumarstid. Dette er og åra der det har vore mest besøk på Litlos turisthytte, med rekord på godt over 3000 personar på ein sumar. Til samanlikning har gjennomsnittet siste åra lagt på godt under 2000 personar sumarstid.

Dette visar klart at stammestorleiken tel meir for arealbruken, enn antal folk i fjellet.

Sidan 2001 har NINA hatt GPS merking på enkelte dyr, som såleis visar korleis størstedelen av dyra nyttar vidda gjennom året. I denne perioden har forvaltninga hatt eit bestandsmål

på mellom 10000 og 12000 vinterdyr, utan at bestandsmålet har vore oppnådd. Stamma har vore på mellom 5000 og 10000 dyr i perioden. Det kan sjå ut som det ikkje har vore vilje i forvaltninga, til å oppnå bestandsmålet.

Med bakgrunn i dette, er det oppsiktvekkjande at NINA hevdar at dei no har ei endeleg kartlegging av korleis dyra nyttar vidda. Ettersom historien visar heilt klart at ei stor stamme nyttar mykje større delar av vidda enn ei lita, burde det vore forskning som tok omsyn til akkurat dette. Ein bør ikkje trekkja konklusjonar før ein har GPS posisjonar frå ei større stamme å samanlikne med, då det vil være forskjellar i arealbruken.

I NINA rapport 1903, vert det konkludert med at det må gjerast noko for at dyra skal kunna trekka vest frå området mellom Hellevassbu og Litlos, sumarstid. Med ein slik konklusjon, er det tydeleg at den som konkluderar ikkje har vore i dette området sjølv, men antakeleg kun har nytta kartet. Området vert stadig vist til som eit område som er stort og urørt, men lite tilgjengeleg for reinen, grunna stor turisttrafikk som stengjer. Det er ingen som tar med at størstedelen av dette området, vest for Litlos-Valldalen, ligg over 1400 moh. Her er normalt snødekt til midt i juli, ofte lenger, og lite mat tilgjengeleg for reinsdyr. Av grunnar til at dyra gjerne føretrekk å halda seg i aust tidleg på sumaren, er gjerne dette med snø og mattilgang. Det er mykje tidlegare bart for snø aust på vidda enn i vest. Ellers er området kjend for å huse enkelte små bukkeflokkar utover sumaren, men mat til større flokkar over lengre tid er der ikkje. For meg og andre som er lokalkjende i området, er det rart å lese at det skal gjerast tiltak for å gjere dette området tilgjengeleg for reinsdyr. Her har ein tydelegvis gløymt å spørja reinsdyra om kva dei ynskjer.

Før ein går inn på store inngripande tiltak, som til dømes å leggja ned turisthytter og stiar, bør ein gjere det som verkeleg har innverknad på reinens arealbruk, nemleg auke stamma til det som tidlegare har vore bestandsmålet. Det vil nok etterkvart føre til ein endra arealbruk, og igjen ei friskare og sunnare reinsstamme. Det er tydeleg at ei lita reinsstamme, som står tett ilag året rundt, lettare smittar sjukdomar seg i mellom. Dette ville ein og unngått med å auke stamma monaleg, då dei ville gått meir spreidd i fleire flokkar over eit større område.

Litlos turisthytte, som ligg i austkanten av Vestvidda, er av hyttene enkelte har føreslått nedlagt, eller omgjort til sjølvbetjeningshytte. Hytta har sidan den vart opna i 1922, vore særdeles viktig som husvære, for både lokalfolk og langveisfarande. Lokalfolk som utøvar jakt og fiske, har ellers få moglegheiter til overnatting inne på vidda, om Litlos skulle forsvinne.

I dagens samfunn er det særdeles viktig å ta vare på fjelltradisjonane, og kunna gje nye generasjonar alle moglegheiter til både tur, jakt og fiske. Å innskrenka desse moglegheitene vil vera å gå i feil retning.

Helsing Jarle Viskjer